

KYRKJEBLADET

65. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 1/2011

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16

10. – 12. april

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2011



**Tårnagentar i
Vaksdal kyrkje** Side 4

**Møt
Inger Lavik** Side 7

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: Svein Tøsse

Kyrkjebladet si framtid det er deg!

Me har etter kvart vorte vande med Kyrkjebladet i den forma det har i dag. Vår grafiske formgjevar Wenche Horvei gjer det beste ut av stoffet som me sender til ho, og me har opplevd ei god heving av standarden. Bladet har ei utforming me kjenner att frå gong til gong, noko me og har fått gode tilbakemeldingar på. Det faste stoffet, som andakt, slekters gang, og velkomen til kyrkje, er me alle samde om skal vere med i bladet. I tillegg prøver me å få med oss viktige hendingar i kyrkjelyden, litt fakta om kyrkjer og gravplassar, mange bilete, og hendingar som skal skje i nær framtid.

Er det godt nok? Me vil gjerne ha innspel frå deg som les bladet. Alle innspel, frå oppbyggeleg kritikk til ros, er velkomne. Me lagar gjerne eit tjukkare blad, eller fleire utgåver i året, om me får gode innspel og meir stoff. Ein levande kyrkjelyd fortener eit levande Kyrkjeblad, som speglar verksemda si. Trusopplæringsreforma vil i framtida føre til auka aktivitet, sjølv om det alt i dag går føre seg mykje godt arbeid med barn og unge. Bilete og reportasjar frå hyggeleg stunder, og intervju med personar som står på i det kristne arbeidet er kjekt å ta med. Kyrkjebladet får ut annonsering av konsertar, møter, og aktivitetar utan at me må knipe på plassen eller omtalen av omsyn til spaltemillimeterkostnader.

Kanskje du vil melde deg som medarbeidar, eller skribent? Staben ved kyrjekontoret har jobben som redaksjonsnemnd, med kyrkjevevja som ansvarleg redaktør. Ikkje av dugleik, meir i mangel på kvalifisert hjelp. Ver ikkje redd for å fjerne skjeppe frå lyset!

Bladpengar 2011

Me tek gjerne imot gaver og bladpengar for 2011. Giro er lagt ved. Det er ikkje sett innbetalingsfrist for bladpengane, om du ser bort frå årstalet. Om du bur i kommunen vil du uansett få bladet i postkassen, for me vil

gjerne nå ut til alle. Men bladet har utgifter til trykking og utsending, og alle bidrag hjelper oss i å halde fram med produksjonen. Me takkar gjerne på førehand.

Helsing kyrkjevevja

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Exp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 15. mai 2011.

Eg skal leva!

Fastetida byrjar i desse dagar. Me tenker nok mest på det å ikkje ete når me les ordet faste. Og det er ikkje feil, for i fastetida er det gjerne slik at ein avstår frå somme av godene ein elles har i livet, slik som mat. Men fastetida er mest ei førebuingstid til påska, gjerne med fokus på den kristne sin kamp for og i trua. Samstundes handlar det om Jesus sin kamp og liding, difor vert fastetida sin siste del kalla pasjonstida.

Men så, så skjer det!
Død vert til liv, vonløyse vert til von, tap vert til siger. Jesus vann over døden då han sto på den tredje dagen, og den sigeren vert og oss til del.

Dei siste vekene før påske er konsertprosjektet Bjerkrheim-jazz ute på vegane. Songskrivaren Trygve Bjerkheim har laga mange songar, og mange av dei om det som skjedde den påska som gjer at den kristne kyrkja feirar påske.

For meg er siste verset i *Takk at du tok mine* byrder mellom dei tekstane som rører meg sterkast. Eg syng det knapt utan å kjenne takksame tårer pressa seg fram:

So vil ved korset eg standa,
Med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
Med Jesus til æveleg tid!

I songen *Jesus lever – livet seiret* skriv han:
Jesus lever- livet seiret!
Døden skal ei lenger råde.
Leve skal vi nu for evig,
ved Gud Faders rike nåde.
Og vidare i same songen:

Gjort til intet er nu døden,
Brodden brutt, den kan ei skade.
Jesus selv vil sine hente.
Derfor er vi evig glade.

Kjent og kjær for mange er og songen *Han tek ikkje glansen av livet*. Dei tre siste versa lyder slik:

Han hjelper i brattaste bakkar
Og stør deg når vegen vert smal.
Han signar dei sollyse sletter
Og lyser i dødsskuggens dal.

Han fører deg frelst over fjorden,
Heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brottsjø du møter,
Vil Jesus dra båten i land.

Han tek ikkje glansen av livet,
Han gyller din morgon og kveld
Og opnar ei dør til dei salar
Der æveleg høgtid du held.

God faste og god påske!
Med helsing Frode Kvamsøe



Tårnagentar i Vaksdal kyrkje



Tårnagentane fekk oppdrag hjå agentsjefen.



*Kvar kan vi finne verdi-
fulle skattar?*

*Kva er det ein tårnagent
eigentleg gjer?*

*Kven er mes oss gjennom
alvor latter?*

Leit, sjå og høyr!

Siste helga i januar inntok 8-åringane Vaksdal kyrkje frå Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal til Tårnagenthelg. Det var 21 ivrige jenter og gutar. Lupe, lommelykt, notisblokk og agentkort måtte til. Ein labyrint måtte dei krype gjennom på veg inn i kyrkja, før registrering med agentkort.

Oppdrag

Ein vaksen agent med hatt, frakk og briller leste med lupe det som var skrive

med lita skrift frå sjefen som sendte meldingar i ei kiste, og gav ulike oppdrag. Fotoapparat måtte til for å dokumentere symboler i kyrkja.

Etter matøkt med flaggermussuppe venta neste oppdrag. Gruppene bytte på tur til orgelet, i tårnet og til sakristiet, for å bli kjent med ulike sider ved kyrkja. Igjen ringte dei små messingklokkene til samling.

Sang med rapp

Me øvde på tårnagentsangen til dagen etter på gudstenesta. Agentane var flinkare enn dei vaksne til å lære rappen som var ein del av songen. Som trommis var Sigurd Ø Steinkopf leigd inn saman med Ivar Kolve på bass. Ingrid Straume Audestad spela piano og Tone Synnøve Øygard Steinkopf dirigerte tårnagentkoret av små og store sangarar.

Førebuing til gudstenesta

Her var drama av preiketext, teikning og å førebu lesing og bønner. Agentane stod ikkje tilbake for konfirmantane.

Gudstenesta søndag

Gudstenesta var søndagskulen si Sprell-levande gudsteneste. Agentane fann lesetekst og bønner i kista. Heile kyrkjelyden myldra til ulike stasjonar i kyrkja. Dei skreiv bønner og tente lys i globen. Nokon bar steinar til foten av krossen. Ein fekk teikna krossmerket i panna med dåpsvatnet. Samstundes var det ofring rundt altaret, og nattverd der to agentar saman med prest og klokkar delte ut brødet og vinen. Etter gudstenesta bød soknerådet på iskrem i konfirmantrommet.

Moro og alvor

Gjennom mykje moro har tårnagentane fått eit møte med kyrkja og trua. Her er

viktige skattar som ein må studere nærare med lupe og lykt. Skatter i Guds ord gjer livet rikt å leva.



Edvard Bø



Rapp:

”Du ikke alene. Du har en far i himmelen
Som kjenner deg og ser deg midt i vrømmelen.
Du er åtte år. Du ikke født i går.
Så kom, kom, kom og få en himmel over livet.

Ikke bare tenke på oss selv, men hjelpe andre.
Du og jeg kan gjøre en forskjell, vi kan forandre
Noe der vi bor. Sette gode spor
Sånn at andre får en himmel over livet!”

T&M: Runar Bang



Stamnes barnekor.

Korskulen i Vaksdal

Korskulen i Vaksdal er opplæring i song for born og unge gjennom å gå i kor. I Vaksdal er det fire kor i korskulen; Stamnes barnekor (som er delt i to – ei gruppe med alle, ei med dei eldste frå 9 år og oppover), Stanghelle/Dale barnesongkor, og Vaksdal barnekor. I tillegg kan ein i prinsippet òg seie at baby/småbornssongen på Stamnes er ein del av korskulen.

I denne skulen får ein lære å synge, lære å bruke gehøret, noteopplæring, lære å følgje direksjon, repertoarkunnskap, og øving i å opptre. Samstundes får ein bibelkunnskap, og lære om kristendomen i praksis.

Korskulen i Vaksdal reiser på Vårtreff.

8.-10. april reiser mange unge songlade koristar til Hauglandsenteret i Fjaler på VÅRTREFF. Det er Ung kirkesang som samlar koristar til øving og framføring av eit musikalsk verk som heiter "Barn i Guds tid". Det vert òg badeaktivitetar eller andre aktivitetar og sosialt samvere på dei til no 21 påmelde korskongarane. Kyrkjebladet ynskjer god tur.

Korskulen i Vaksdal deltek på eksamen

Fire av studentane på studiet barnekorleing skal ha eksamen i Sandviken kirke 21. mai. Ein av desse er Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Då stiller korskulen i Vaksdal opp og hjelper til. Utan born – ingen eksamen. I tillegg vil Kilden vere med som støttespelarar. Studenten er takknemleg for alle som stiller. Utdrag av dette vert å høyre på Daledagane med felleskonsert for barnekora og Kilden fredagen. Sjå oppslag!


Baby/småbornssong

Baby/ småbornssong i bedehuset på Stamnes er ope for dei som ynskjer å delta. Samlingane tek til kl 09.30 og datoane for våren er 12.april, 26.april, 10.mai, 24.mai og 7.juni. Ta med niste og kaffi, te og frukt får du.

Barn og song

"Barn sin første song er lallesong. Det er ei eksperimentering med stemma. Lallesongen startar oftast når barnet er om lag seks månader. Tonane strekker seg langt mot sky."

Tone Synnøve
Ø. Steinkopf



STØRST AV ALT

NT-utdeling Stamnes



Utdeling av NT på Stamnes.

NT-utdeling Eidsland



Utdeling av NT på Eidsland

Til konfirmantane:

Her er det enkelt og greitt forklart kor mykje ein kan få til konfirmasjonen utan å skatte for gáva. Lukke til med lesinga!

Fritatt for avgiftsplikt er gaver som er gitt før givers død til fysiske personer innanfor et årlig beløp tilsvarende et halvt grunnbeløp i folketrygden (G) ved årets inngang, jf. arveavgiftslovens § 4 b. Fritaket omfattar ikkje overdragelse av fast eiendom eller ikkje børsnoterte aksjer.

Det vil si at hver giver i utgangspunktet kan gi beløp inntil ? G som gave til konfirmanten. Dette beløpet er

ikke avgiftspliktig og skal ikke innrapporteres til avgiftsmyndigheten. Det man må være obs på er at dette beløpet skal dekke alle gaveoverføringer innanfor 1 år, slik at det også omfattar julegaver, fødselsdagsgaver og andre gaver.

1/2 G i 2010 er på kr 36.440,-.

Sofie Waage
Seniorskattejurist
Fastsetting, arveavgiftsgruppen
Skatt Vest, Stavanger
Postboks 8103, 4068 Stavanger
Tlf: 51 91 74 43

Vasslaust i Bergsdalen

Kyrkja på Lid får vatnet frå ein felles brunn med Bergsdalen skule, og ungdomshuset. Streng vinter og stengd skule har ført til at det ikkje er vatn i inntaket lengre. Ei felles løysing med boring etter vatn vert drøfta. Ein slik brunn kan forsyne alle tre bygga med vatn. Stoda for skulebygget er ikkje avklart, dermed er det vanskeleg å vite kven ein skal forhandle med, når det gjeld ei felles løysing. Uansett må ein rekne med vassbering fram til at klaken er borte.

Avtale om tenesteyting på gravplassane

Kommunen har "i alle år" hatt hovudansvaret for graving og vedlikehald på gravplassane i kommunen. No er det gjort avtale om ein fast årleg sum for denne tenesta, slik at fellesrådet sitt driftsrekneskap ikkje vert påverka av tal på gravferder eller andre variasjonar i kostnader med gravplassdrifta. Kostnadene vert førte opp som "kalkulatoriske" utgifter og inntekter. Ordninga går ut på at kommunen utfører graving av graver og urnegraver på alle gravplassane i kommunen. I tillegg utfører dei slått og sommarvedlikehald på gravplassane på Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes. Tilsvarende ordning med kalkulert utgift og tenesteyting på reinhaldet i dei fleste kyrkjene kom i stand for nokre år sidan.

Kyrkja har og høve til å avtale tenester ut over dei som ligg i tenesteytingsavtalen, mot rekning, og dette er ei god ordning. Litt ekstra brøyting og strøing, eller transportoppgåver som henting av lift eller frakting av anna utstyr kan vere vanskeleg å ordne på ein rimeleg måte. Vedlikehaldsoppgåver på kyrkjene har og vorte utførte slik. Då er det godt at me kan samarbeide om løysingar, til beste for fellesskapet.

Blyglas på reparasjon

Dei som siste dagane har vitja Dale kyrkje har kanskje sett at nokre av rutene i dørene inn frå våpenhuset er borte. Trond og Inger Kaland har teke på seg arbeidet med å reparere glasfeltet i Dale kyrkje og Vaksdal kyrkje. I Vaksdal var det to små glasruter i sakristiet, og eit blyglasfelt i bårerommet som var øydelagde. Reparasjonane vil koma på om lag kr 15 000,-

Rekneskapen for 2010

Rekneskapen for 2010 for kyrkjeleg fellesråd viser førebels eit underskot på kr 151 000,- Det vart søkt om ei rammeløyving frå kommunen på kr 3 885 919,-, løyvinga vart på 3 450 000,-



Y-laget på Stamnes song på Fagertunstemna i 1977.
Foto: Anne Magrete Eikefet



Barneforeniga og leiarar samla ein gong i 2003.
Foto: Anne Magrete Eikefet



Inger Lavik.

Eg kan ikkje seie at det har kosta meg noko, det er berre nåde at eg har fått vere med på dette.

Inger Lavik

Har fått meir att enn ho har gjeve: *Inger gjev seg etter 30 år med barneforeining*

I heimen på Lavik har Inger Lavik husa ei barneforeining i over 30 år. Men no gjev ho seg. Det er alderen – ho fyller 71 år i desse dagar – og sviktande helse som er årsaka til dette.

Korleis starta det med denne barneforeininga, Inger?

- Foreininga vart starta i 1972 av Agnes Haugen Støle. Ho hadde og møtene heime hjå seg sjølv. I 1980 gav ho seg, og eg starta foreininga oppatt om hausten det året. Eg har alltid vore glad i born, og ynskjer at alle må få høyra om Jesus. Det har vore kjekt og gjevande å ha denne foreininga, eg har vore utruleg heldig som har fått vere med på dette.

Foreininga har hatt møta sine rett etter skuletid somme fredagar. Ho har samla born og unge i skulealder, og nokre av dei har vore med heilt til dei gjekk ut ungdomsskulen. Samlingane bruka å starte med ei matøkt - gjerne vaflar og kakao - og har helde fram med andakt, song, lek og utlodding. Inger har ikkje vore åleine om å drive foreininga, men hatt mange hjelparar med seg. Dei har elles laga ulike ting til Fagetunbasaren på samlingane sine, for foreininga er knytt til leirstaden Fagertun, som ligg litt lenger oppe i Eksingedalen. Inger er glad for Fagertun, og er framleis engasjert mellom anna ved at ho tek seg av vasking av sengetøy og kjøkkentøy etter leirar og arrangement.

Kva tid vart du kristen?

- Eg har vore kristen heile livet. Men det var det året eg gjekk på Framnes

Folkeshøgskule eg vart medviten på trua mi. Den vinteren på Framnes har hatt utruleg mykje å seie for meg.

Skuleåret 1956-57 gjekk eg 2. årskurset der, som var for dei som skulle utdanne seg vidare.

Sjølv utdanna Inger seg til sjukepleiar. Ho har og arbeidd i heimesjukepleia i Eksingedalen, både som fast tilsett og som vikar. Ho er frå Bulken, men flytte til Lavik då ho gifte seg med Yngve i 1967. Sidan då har ho vore gardkone.

Inger og familien har alltid vore engasjert i kristent arbeid. Dei har husa forkynnarar som har reist i Eksingedalen, og opna heimen for møtene desse hadde. Inger var og med som sundagsskuleleiar i mange år sidan 70-talet. Sundagsskulen var og i heimen hennar, men har seinare vore på skulen på Bergo, og i sakristia i kyrkjene i Eksingedalen. Inger gav seg med sundagsskulen for omlag 10 år sidan.

Kva har det kosta deg å vere så aktiv i det kristne arbeidet?

- Eg kan ikkje seie at det har kosta meg noko, det er berre nåde at eg har fått vere med på dette. Eg har fått mykje meir att enn eg har gjeve.

Frode Kvamsøe

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011 – No er livet betre

Då mamma fekk lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv.

Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg om morgonen, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grønsaker til bua på torget.

– Eg hjelper mamma med jobben morgon og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søsken i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp.

– Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

Skaper forandring

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgivande arbeid og ei betre framtid.

– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006. I dag er det over tusen registrerte VICOBA-grupper, fortel Godfrey Walalaze, Kirkens Nødhjelps programrådgjevar i Tanzania.

Det er medlemene sjølve som eig "banken". Rentene på låna som blir tekne opp, kjem alle eigarane til gode. Slik går overskotet frå prosjektet tilbake til lokalsamfunna. Kirkens Nødhjelp støttar VICOBA-grup-

pene med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell.

– Eg blir stadig imponert av menneske som før ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, men som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel den eine suksesshistoria etter den andre: om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar, fortel Walalaze.

Viktige forsamlingar

I Tanzania er kyrkja ein naturleg stad å møtast for å ta tak i utfordringar i kvardagslivet. Mange som har vorte med i ei VICOBA-gruppe har høyrte om arbeidet gjennom den lokale forsamlinga si, og mange VICOBA-grupper har òg møta sine i kyrkja, sjølv om VICOBA er eit prosjekt på tvers av religionar.

– VICOBA gir menneske styrke til å tenkje gjennom kva dei treng, og korleis dei kan få tak i det. Ansvaret blir lagt i hendene deira, men vi kan gi dei kunnskap og støtte til å stå opp for sitt eige liv. Vi opplever at VICOBA-gruppene tenner voner, seier Walalaze.

Salatblad og utdanning

Yohana og mora er framme hos bonden der dei skal hente grønsakene. Den unge guten har draumane klare for framtida:

– Ettersom mor mi er med i VICOBA, kan eg studere, viss eg jobbar hardt for det. Eg har lyst til å bli politi. Eller jobbe for at landet skal bli meir rettferdig. Demokrati er viktig. Eg vil vere



Illustrasjonsfoto.

med å gjere Tanzania til ein god stad å leve for mange.

I dag er det salatblad som skal berast tilbake til torget. Flaks!

Stort volum, men lett å bere. Yohana smiler og myser mot sola. Denne dagen skal bli god.

10. – 12. april

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2011

– Over ein milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjelyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom.

– Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Vaksdal, Dale og Stamnes kyrkjelydar arrangerer aksjon 12. april og treng bøsseberarar. Ta kontakt med Kyrjekontoret dersom du vil vere med.

– Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

- Støtt aksjonen direkte ved å:
- Nytte kontonummer 1594.22.87493.
- Ringje givartelefon 820 44 088 (200 kroner)
- Sende ein sms til 2090 (100 kroner)

Kyrkjevalet 2011

Til hausten er det kyrkjeval att, denne gongen for fire år. Vaksdal, Dale og Stamnes sokneråd har seks valde medlemmar, Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim har fire. Alle sokneråda har

i tillegg ein prest, utpeika av biskopen, som fast medlem. I tillegg skal alle råda ha fem varamedlemmar. Alle i kyrkjelyden, ikkje berre sokneråda, kan levere inn framlegg til kandidatliste,

etter nærmare reglar. Desse finn ein ved å gå inn på nettsida www.kyrkja.no og velje "Valghåndboken 2011", eller ved å ta kontakt med kyrjekontoret. Framlegg til kandidatlistar

må vere komne inn til valstyret i soknet innan 1. mai 2011. Hjå oss er det i utgangspunktet sokneråda som er valstyre.

www.bibel.no




Konfirmasjon

Bibelen – ei gåve for livet

Ein bibel med stilrein design. Gullsnitt og leseband gir utgåva det rette gåvepreget.

Noregs mest selde bibel

Bibelteksten er omsett av dei fremste fagfolka i Noreg til eit godt og levande norsk språk.



Bibelselskapet

Den lokale bokhandelen din har utvalet

«Det er då merkeleg at me ikkje kan gå i kyrkja utan å betale for det!»



Denne kommentaren hørte eg nyleg falla mellom to som snakka saman på veg til ei gudsteneste. Det gjaldt takkofferet, eller kollekten som nokon kallar det. I dei fleste gudstenestene er det takkoffer. Då er det høve til å gje pengar til eit eller anna føremål. Det er soknerådet som bestemmer kven som skal få takkoffer, og om det skal vere takkoffer i gudstenesta. Kven som skal få pengane som kjem inn i dei ein-skilde gudstenestene brukar å stå i gudstenesteannon-sane og på plakatan. Takkofferet vert hjå oss som oftast samla inn ved at kyrkjelyden går rundt altaret og legg pengane i ei skål. Andre stader sender ein korg eller liknede rundt i benkane, det vil seie at dei som er i kyrkja sender korgene til kvarandre. Etter at innsamlinga er ferdig går nokon til altaret med pengane, og presten eller ein annan ber for pengane som kom inn.

Det er friviljug om ein vil gje desse pengane. Men me i den rike delen av verda har relativt mykje pengar, og dei fleste har nok høve til å gje pengar utan at dei vert fattigare. Mykje kristeleg arbeid vert drive utan noko særleg anna finansiering enn det som kjem inn i gåver. Det kan mellom anna vere ved testamentariske gåver, fast gjevar-teneste, eller gjennom kollekt på møter i bedehus og andre stader. Og det kan vere gjennom takkoffer i kyrkjene. Men me skal nok ikkje leite lenge i kyrkjene i fattigare deler av verda før me ser at der og gjev dei pengar. Dei gjev ikkje grunna sin rikdom, men trass i sin fattigdom. Ei side ved å ha takkofferet i gudstenestene er at me får trening i å dele det me har med andre.

Dette er kan hende noko me treng å snakke om i kyrkjelydane, i alle fall er det nok naudsynt for dei fleste av oss å vende seg til denne måten å tenke om pengane våre på. Vår eigen biskop her i Bjørgvin, Knut Nordhaug, har og sagt noko om dette. Han ville jamvel ha meir "mas" om pengane våre, og meiner mellom anna at me kan gje mykje meir til misjonsarbeidet enn me gjer no. I Bibelen les me at å gje tienden, altså 10 % av det me tenar, er eit ideal. Det kan jo diskutert om tienden gjeld det me tenar før eller etter skatt, og kan hende kjenner dei fleste seg sikre på at dei ikkje greier seg økonomisk viss dei gjev vekk så mykje pengar. Men ein norsk TV-predikant seier det så sterk at norske kristne gjer "underslag" for 8 milliardar kroner i året ved at dei ikkje gjev tienden. Med det meiner han at viss me hadde praktisert å gje tidende, ville det kome inn så mykje mer pengane enn det gjer no. Han har nok eit poeng. Men sjølv om det som kjem inn i takkoffer og elles kunne vore mykje meir, er det nok mange som i det stille allereie gjev ein stor andel av det dei tener eller får i pensjon. Utan desse ville nok til dømes misjonsarbeidet hatt mykje trongare kår.

Du må gjerne gjere det gjerne til ein vane å ta med pengar til gudstenesta (neida, me tek ikkje kort!), og å sjå etter på førehand kven som skal få dei. Men å betale for å gå til gudsteneste, det treng du ikkje!

Frode Kvamsøe



FRIVILLIG MEDARBEIDER?

Noen ganger trenger man å snakke om vanskelige ting. Du kan være den som lytter når andre virkelig trenger det.

Kirkens SOS søker flere frivillige medarbeidere. Kontakt oss på 55 32 58 45/ 941 83 654, bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

BIBEL-KVISS

1. Hva het byen der Jesus ble født?
2. Marta og Maria hadde en bror som Jesus vekket opp fra de døde. Hva het han?
3. Hva heter landet der Jesus bodde?
4. I hvilket av disse landene er det flest som tror på Jesus: Israel, Norge eller Afganistan?
5. Hva het profeten som overlevde å bli slukt av en stor fisk?
6. Hva het mannen som dømte Jesus til døden?
7. Hvilket språk ble Det nye testamente skrevet på?
8. Hvem kom først til den tomme graven og fikk vite av engelen at Jesus hadde stått opp?
9. Da det var hungersnød i Israel sende Jakob sønnene sine til Egypt. Hvorfor?
10. Takene på husene i Israel var flate. Sant eller usant?



SVAR:

1. Betlehem
2. Lasarus
3. Israel
4. Norge
5. Jona
6. Pontius Pilatus
7. Gresk
8. Noen kvinner, blant dem Maria Magdalena.
9. For å kjøpe korn.
10. Sant. De ble brukt som terrasse.







= kun **169,-** (pr barn i gruppeabonnement)
 = kun **349,-** (privatabonnement hjem i posten)

Bestill på sondagsskole.no eller på telefon **22 08 71 00**

Leir på FAGERTUN!



VINTERLEIR

for 4.-7.klasse

1.-3.april og 8.-10.april

Påmeldingsfrist for disse to leirane er **20. mars.**

PÅSKEHELG

for 8.-10.klasse


21.-24.april

PINSELEIR

for 18 år og oppover

10.-13.juni

Informasjon og påmelding (med namn, adresse, alder og tlf.nr):
bergen@samemisjonen.no eller SMS/mobil til 488 99 743



Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hvem skjuler seg her?

SØNDAGSSKOLEN rett hjem med barnebladet BARNAS

14 blader



Bok



DVD

= kun **169,-**
(pr barn i gruppeabonnement)

= kun **349,-**
(privatabonnement hjem i posten)



Bestill på sondagsskole.no eller på telefon **22 08 71 00**

FOTOKONKURRANSE!

Stamnes kyrkje er 150 år i år. Sjølve jubileumsdagen er torsdag 20.oktober, og me feirar med gudsteneste søndag 23. oktober.

For å gje eit tidsrett bilete av livet i og rundt kyrkja ynskjer me å få tilsendt digitale bilete som er tekne i eller utanfor kyrkja i jubileumsåret 2011. Sjølve kyrkja treng ikkje vise på biletet, så lenge aktiviteten er knytt til ho likevel. Det skulle vere nok av situasjonar å "knipse", med både dåp, konfirmasjon, konsertar, gudstenester, og kanskje til og med ei vigsle? Me deler opp denne konkurransen i to kategoriar: Dokumentarbilete og blinkskot.

For å gjere arbeidet enklare for "fagjuryen" ber me om digitale bilete med god oppløysing, ikkje fleire enn 5 bilete frå kvar fotograf, i kvar kategori. Kun JPG-format. Skulle det finnast eit blinkskot teke med mobiltelefon, vil me sjølvstegt vurdere dette og. Vinnaren i kvar kategori vil, i tillegg til mykje positiv merksemd, få kvart sitt gåvekort.

Bileta må vere komne inn til kyrkjekontoret innan 1. august. Bruk E-post, cd, minnebrikker eller USB-pinnar.

Innsendte bilete kan verte brukt i Kyrkjebladet eller andre publikasjonar frå kyrkjekontoret.



Bjerkrheim-jazz på Vossajazz Turné til Samnanger, Rogaland og Voss

Kantor i Vaksdal, Olav Arne Steinkopf, har tonesett og arrangert utvalde tekstar av Bjerkrheim i «jazz-stil» for kor, solistar og band.

Denne musikken vart framført først på ein konsert i Misjonssalen i Oslo i 14. februar i 2010.

Søndag 9. mai 2010 var det konsert i Dale kyrkje med Bjerkrheim-jazz som prosjektet vart kalla. Medverkande var songkoret "Kilden", Fjellhaug vokalensemble frå Oslo, profesjonelle musikarar og songarar.

Prosjektet har fått god respons. Bjerkrheim-jazz er nå booket inn til konsert i samband med Vossajazzen 17. april 2011 kl 13.00. Det er også planar om å gje ut notane på Cantando musikkforlag.

29. mars kl 19.00 vert det konsert i Haga Kyrkje i Samnanger. 1.-3. april 2011 vert det turné i Rogaland. Laurdag 2. april vert det konsertar i Hana kyrkje i Sandnes og Nærbø kyrkje på Jæren. Søndag vert det konsert i Skåre kulturkyrkje i Haugesund. Denne konserten vert arrangert i samarbeid med "Sildajazzen".

Musikken er variert og har eit

spenn frå latin, swingjazz og funk til rolege vakre jazzballadar. Nokre songar er nykomponert, medan andre er arrangement av tidlegare melodiar. Jazz og «bedehusmusikk» er nok ein uvanleg kombinasjon, men jazzen med sitt rytmiske driv, improvisasjon og vakre harmoniar, kler tekstane til Bjerkrheim på ein framifrå måte.

På konserten på Voss medverkar eit kor på omlag 70 songarar og profesjonelle musikarar og solistar:

Frøydis Grorud – saksofon/fløyte
Olav Arne Steinkopf – tangentar
Jan Olav Renvåg – bass
Jan Inge (Jango) Nilsen - trommer
Ole Strøm – song
Marilen Jørgensen Vågen – song
VOK (Voss og omland kantori)
Songkoret Kilden
Songkoret Korall
Prosjektkor frå Samnanger
Songarar frå Fjellhaug vokalensemble.

Dirigent for konserten vert kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

På konserten i Samnanger og på turneen 1.-3. april medverkar nokre av dei same songarane og musikarane.



Minneord

Kristin Bildøy Boge mista livet i trafikkulukka på Stanghelle 24. februar.

Ho song i Kilden frå starten av, og dei fire siste åra var ho leiar for styret i koret. Ulukka skjedde jamvel då Kristin var på veg heim frå Dale kyrkje, der koret hadde sunge i ein konsert i høve Kulturskuleveka.

Kristin var gjerne å sjå i fellesskapet både i bedehus og kyrkje. I mange år var Kristin med som leiar for barnelaget i Stanghelle bedehus samt nokre år i Vaksdal bedehus, og var elles med og hjelpte til i arbeidet når det høvde slik. Arbeidsplassen sin hadde ho i meir enn 20 år på Stanghelle skule.

Me lyser fred over Kristin sitt minne.

Frode Kvamsøe



Misjonsbasar

i Bergsdalen kyrkje
laurdag 26. mars
kl. 15.00

Andakt og misjonsinfo.
Åresal. Matøkt.



HimalPartner
Tidl. Tibetmisjonen

Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - kr. 150,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider - kr 200,-

Kan kjøpast her:


Dale: Gyda og Mix

Bergsdalen: Hjø medl. i soknerådet og i kyrkja




Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

239 sider – kr. 50,-.



Møte i Dale bedehus:

Fredag 11. mars kl. 11.00,

laurdag 12. mars kl. 19.00 og

søndag 13. mars kl. 18.00.

Talar: Leiv Nesheim.

Kollekt til Indremisjonen.

Alle velkomne!

Dale og Stanghelle Indremisjon

Leigesatsar og satsar for utgiftsdekning

I samsvar med kyrkjelova §20

Det vert ikkje kravd leige for våre eigne arrangement i sokna. Kyrkjevevja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.

Aktivitet:	Satsar i 2011
1 Leige av kyrkja	Kr 800,-
2 Leige for kyrkja der kyrkjetenar er til stades og arbeider.	Kr 1 500,-
3 Leige for kyrkja ved bryllaup for utanbygds par, eller gravferd, heilt utan vår medverknad	Kr 800,-
4 Leige for kyrkja ved bryllaup for utanbygds par, eller gravferd, med vår medverknad. Bispedømekontoret sender eiga rekning for prestenesta.	Kr 1 500,- *
5 Leige av kyrkja til innspeling av musikk, utan vår medverknad, pr dag	Kr 500,-
6 Leige av kyrkja til innspeling av musikk, med vår medverknad: Det vert rekna timeløn for tilsette som deltek.	Kr 500,- + timar
7 Graving av grav for avlidne ikkje busett i kommunen. Desse satsane vert fastsette av kommunen. (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	*
8 Graving for nedsetting av urne, avlidne ikkje busette i kommunen. Desse satsane vert fastsette av kommunen.	*

Orgelresitasjonar i påska

Orgelresitasjon er ein minikonsert med musikk til ettertanke, knytt til påskehøgtida. Konsertane byrjar ein halv time før gudstenesta.

VAKSDAL KYRKJE

21. april – Skjærtorsdag kl.19.30
v/ Olav Arne Steinkopf

STAMNES KYRKJE

22. april – Langfredag kl.10.30
v/ Tone Synnøve Øygard Steinkopf

EKSINGEDALEN KYRKJE

22. april – Langfredag kl.10.30
v/ Asbjørn Nese

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



- ein lokal medspelar

NYE DALE



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.

Tlf. 56 59 43 00

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

GRAVMINNER




Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



Teikning og prosjektering
av
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark
Ombygging av
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

Meterstokken

Ing. Svein Tøsse
Tlf. 56 59 80 71
svein.toesse@vaksdalnet.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

16.01.2011 Vilde Birkeland Johnsen
 06.02.2011 Linnea Emilie Olsen Tveit
 06.02.2011 Tuva Olsnes Soltvedt

Stamnes

14.11.2010 Benjamin Holme



VIGDE

Dale

29.01.2011 Marta Olaug Rønhovde og Arne Gudmund Kirkeli



DØDE

Dale

30.11.2010	Marie Midtun	f. 1924
30.11.2010	Dagny Færøy Straume	f. 1913
27.11.2010	Ingrid Emile Vetås Tveit	f. 2010
27.12.2010	Anna H Dale	f. 1907
22.01.2011	Magnhild Tveterås	f. 1923
04.02.2011	Ottar Rolland	f. 1926
11.02.2011	Toralf Johan Stanghelle	f. 1938
17.02.2011	Asbjørg Ringstad Takvam	f. 1924
21.02.2011	Ida Kvarekval	f. 1913
22.02.2011	Kari Øpsen	f. 1925

Nesheim


11.12.2010	Nils O Gullbrå	f. 1929
31.01.2011	Gerda Trefall	f. 1922

Stamnes

13.12.2010	Olav Kalvik	f. 1926
------------	-------------	---------

Vaksdal

01.12.2010	Augusta Ivara Fossmark	f. 1915
02.12.2010	Jakob Ulveraker	f. 1921
24.02.2011	Kristin Bildøy Boge	f. 1964



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 13. mars

1. SUNDAG I FASTE Matt. 4,1-11

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp.

Nattverd. Kilden deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte.

Kyrkjekaffi.

Sundag 20. mars

2. SUNDAG I FASTE Matt. 15,21-28

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp. Nattverd.

Offer til Gideon.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Dåp.

Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

Sundag 27. mars

MARIA BODSKAPSDAG Luk. 1,26-38

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

VAKSDAL KYRKJE (NB Ny dag) kl. 11.00. Høgmesse.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.

Sundag 3. april

4. SUNDAG I FASTE Joh. 6,1-15

Ingen gudsteneste Vaksdal.

Sundag 10. april

5. SUNDAG I FASTE Joh. 11,45-53

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.

Offer til Kirkens Nødhjelp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Sundag 17. april

PALMESUNDAG Joh. 12,1-13

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Dåp.

Nattverd. Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA).

BERGSØYANE I BERGSDALEN kl. 12.30. Sportsandakt.

Frode Kvamsøe.

Torsdag 21. april

SKJÆRTORS DAG Luk. 22,14-20

VAKSDAL KYRKJE kl. 20.00. Nattverds-gudsteneste. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Evangeliesenteret.

Fredag 22. april

LANGFREDAG Luk. 22,39-23,46

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Pasjons-gudsteneste.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Edvard Bø.

Nattverd.

Sundag 24. april

PÅSKEDAG Matt. 28,1-8

DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtids-gudsteneste.

Frode Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Offer til Bildøy Bibelskole.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Søndagsskolen Bergen krets.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Laurdag 30. april

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. UNG MESSE. Edvard Bø,

Frode Kvamsøe og konfirmantane.

Sundag 1. mai

1. MAI Am. 5,14-15

DALE KYRKJE kl. 11.00. Solidaritetsgudsteneste.

Frode Kvamsøe. Preik ved Eirik Haga. Dale Mannskor syng.

Offer til Redd Barna.

Sundag 8. mai

2. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 10,11-16

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.

Torsdagsklubben spelar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE kl. 13.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.

Torsdagsklubben spelar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 15. mai

3. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 16,16-22

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.

Offer til Fagertun leirstad.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø.

Offer til konfirmantarbeidet.

Tysdag 17. mai

17. MAI Luk. 1,50-53

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. 17. maigudsteneste. Vikar.

DALE KYRKJE kl. 10.30 17. maigudsteneste. Frode Kvamsøe.

Offer til HimalPartner.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30 Familiegudsteneste. Vikar.

Offer til kyrkjelydsarbeidet.

STAMNES KYRKJE kl. 12.30 Familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 22. mai

4. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 16,5-15

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til HimalPartner.

Sundag 29. mai

5. SUNDAG ETTER PÅSKE Ef. 3,14-21

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon.

Frode Kvamsøe. Offer til Søndagsskolen Bergen krets.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

Nils Arne Lavik. Offer til Fagertun leirstad.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Torsdag 2. juni

HELGETORS DAG Luk. 24,46-53

SKIPSHELLEREN, STAMNES kl. 12.00. Friluftsgudsteneste.

Frode Kvamsøe. Offer til Sjømannskyrkja.

Sundag 5. juni

6. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 15,26-16,4a

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.

Offer til HimalPartner.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe. Offer til Ung kirkesang. Kyrkjekaffi.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.